

Lindås Kommune  
 Avd. Teknisk drift  
 Kvernhusmyrane 20  
 5914 Isdalstø

### Klage på vedtak om fartsdempingar

Vedrørande avslag på søknad om fartsdempingar ved gardstun i Hopsvågen.

Vi vil med dette klage på dykkar avslag om fartsdempingar. Vi er fast bestemt på at dette er høgst nødvendig ved vårt gardstun. Det har vert behovsprøvd målingar to gangar her, og dykk meiner dei resultatane ikkje er urovekkande, med utgangspunkt i ei fartsgrense på 50km/t. Det vi meiner og har alltid meint, er at 40km/t også er for stor fart her. Det er uoversiktlig veg, farlege og endå meir uoversiktlege utkøyringar. Det einaste som kan redusere farten her, er fysiske hindringar. Vi meiner også at antal passeringar per dag på den fyrste målinga, opp mot 300 er ganske mykje for denne bygda, antal fastbuande tatt i betraktning.

Vi har vert i kontakt med statens vegvesen for å få vite korleis ein slik boks målar. Frå Berit Bruvoll har vi kun fått opplysningar om at 85% av passeringane hadde ein gjennomsnittsfart på 41km/t. Og dei passeringane som hadde høgare fart enn dette, hadde dykk ikkje data på. Statens vegvesen seier at alle passeringar vert registrert, og ein kan ta ut data om farten kvar bil hadde på kvar passering, og dette er opp til kommunen om dei vil ha. Det er desse passeringane vi er ute etter, og er dei som er farlege for folk og dyr. Mange køyrer roleg forbi her, men mange køyrer for fort. Vi er ikkje redd for å verte påkøyrd, men er redd for at dyr og spesielt ungar kan bli det. På dei to husstandane ved gardtunet er det så mykje som opp til ni ungar som leikar, sykklar og spring. Det har vert fleire episodar der det har oppstått fare, og episodar der utfallet hadde vorte fatalt om det hadde kome bil med fart over 30 km/t, då ungar ikkje heilt forstår faren med trafikken.

Etter samtale med Berit Bruvoll, seier dykk at dykk har følgd retningslinjene kommunen har å gå etter, og at vi må ha gode argumenter for at saka skal vurderast på nytt. Eg får beskjed får Bruvoll at alle mine argumenter er "dine ord". Då vert det vanskelig for oss å komme med gode argumenter, for det er kun det vi ser og opplever vi kan argumentere med. Det einaste vi ser som er igjen for kommunen å gjere i denne saka, er å komme på befarung ilag med oss for å få sjå realiteten som vi sit og ser på kvar einaste dag. Då vil det ikkje lenger verte berre "mine ord".

Det einaste vi ber om, er tre stykk fartsdempingar på denne strekninga som vi har teikna inn på kart og levert kommunen. Dette for at vi skal sleppe å bekymre oss så mykje for ungene når dei er ute, og mest av alt at ikkje liv skal gå tapt. Det er det ingen som har råd til. Prisen for nokre fartsdempingar er liten i forhold til konsekvensane som kan oppstå.

Vi ber dykk på vegne av fleire husstandar og revurdere avslaget og håpar dykk vil kome på befarung.

Med vennleg helsing

   
 Vegar Lund Mette Nordgulen

Tlf. 90121859

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
07.03.2014	
Ark. saknr:	LS.107
Saknr.	Tilgangskode